

Møtebok 9-22, Lykling sokneråd 05.10.22

Dag: ons 05.10.22 **Tid:** kl 17:00 **Stad:** Rådhuset

Frammøtte

Fridleif Lydersen, Sissel S. Gåsland, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik, Astri L. Sakseide og Inger Johanne Sele. og 1. vara Johannes Bernhard Hjelland
Heidi Vold Ådnanes melde avbud.

Opning: Elisabeth Bjørnevik les eit dikt av Haldis Totland Reigstad

Saksliste:

Sak 70-22 Eit samarbeidsmøte mellom naturleg samarbeidspartnar.

Invitert gjest: Øystein Lund Olafsen

- Påskesong kan arrangerast palmesøndag 2023
- Julekonsert 11.des: Øystein spør ulike lokale aktørar
- Lysmesse: folkehøgskulen deltek?
- Familiekor til 17.mai med øving 10.mai kl 17.30. Prøver å kopla på korpset
- Heilage tre kongars fest 8.jan.: ønsker å ha med julespel, matøkt, leiker og juletregang
- Helvik gudstenesta går ut i 2023. Det vert gudsteneste i Lykling kyrkje. Etter gudstenesta vert det felles tur i området.
- Diakoni og musikk: temakveld 23.februar med Sissel Johanne Fylkesnes Våge og Øystein Lund Olafsen

Sak 71-22 Godkjenning av referat og innkalling.

Ingen merknad.

Av praktiske årsaker måtte møtet flyttast på kort varsel frå Lykling kyrkje til rådhuset.

Sak 72-22 Meldingar og skriv

- Mail frå Trygve Leigland – straumkrise. Avslag på støtte frå Finnås kraftlag. Oppretta kontakt med kommunen om alternative løysingar.
- Invitasjon til prostimøte 3.11: avskjedssamling for avtroppande biskop
- Honorar for føredragshaldarar på temakveldar: Vanleg å betale kr 4000,- pluss reise. Soknerådet vedtek å gå for det.
- Diverse søknader om offer. Vedteke at me handsamar desse siste møtet før jul.

Sak 73-22 Nokon som har noko å melda frå sitt ansvarsområde?

Tek runden neste soknerådsmøte grunna mange saker og tidspress i kveld.

Sak 74-22 Val 2023

Liste med aktuelle kandidatar til sokneråds valet. Sjå vedlegg.

Vedteke å laga eit skriv som me sender ut til kandidatar på lista der me orienterer litt om kva eit soknerådsverv inneber. Dette vert sendt ut seinast 1.februar.

I tillegg vil me senda ut jubileumsskrivet (2012) om Lykling kyrkje til alle i soknet som ei nyttårshelsing og invitasjon før temakvelden 19.januar.

Sak 75-22 Heilage tre kongars fest 8.01.23

Dersom bedehusstyret vil være med som arrangør vil soknerådet gjerne gjennomføre festen. Endeleg vedtak vert gjort på neste møte etter at bedehusstyret har uttalt seg.

Sak 76-22 Diakoni – hjelp til matkasse før jul og minnegudstjeneste

- Soknerådet vedtek å gi kroner 5000,- til matkasseaksjonen.

I tillegg vil me skriva appell på kyrkja si fb – side og oppfordra folk i soknet om å støtta aksjonen.

- Til minnegudstenesta 5.nov kl 18.00 ønsker me å ha flaumlysa på Lykling kyrkje. Fridleif spør Trygve.

Sak 77-22 Årsmøte vert 19.mars 2023

Sak 78-22 Ymse

- Linda og Elisabeth fortel frå turen med konfirmantane og dykkarklubben: Tilbakemeldingane har vore svært gode. Konfirmantane koste seg undervegs og skrytte når dei kom heim. Neste år satsar me på å gjennomføra turen helga etter kanaldagane.
- Grautfesten til konfirmantane vert halden 11.desember etter julekonserten (kl. 17.00). Sissel sender ut invitasjon.
- Temakveldar 10.11 og 24.nov: Me les Matteusevangeliet
- Kyrkjevaffel søndag 20.nov kl 17.00 Ei uformell samling. Planlegg meir neste møtet
- Me kjøper inn fleecepledd til å ha i kyrkja i tilfelle nokon fryr.
- Juletre: Kyrkjeverje kjem med ei oppmoding om at ein går over til kunstige juletre i kyrkjene. Soknerådet vedtek dette.
- Me ønsker Kyrkjekaffi den 30. okt. når 4-åringane skal få bok

Referent: Sissel S. Gåsland

***Neste soknerådsmøte onsdag 02.11.22 kl 1900**

